

# Om busettinga av den amerikanske prærien og nokre lesjingar i Nelson County i Nord-Dakota

*Av Arnfinn Kjelland*

## **Innleiing**

Mange frå Lesja, særleg Skogen, slo seg til i eller kring småbyen Albert Lea i den søraustlege delen av Minnesota etter dei reiste frå heimbygda. Dette var eit område med mange frå Norge. Ein gong vinteren 1880–81 samla ei gruppe frå området seg og vart samde om at dei ville prøve lykka lenger mot vest, eller meir korrekt, mot nordvest, i det store Dakota-territoret. Det var Knute Enstad, Torger Brekken og sonen hans, Rolf, Ole Bjorlie, Sever H. Bjorlie, Peder O. Enstad og så eit par som så vidt vi kan sjå ikkje var frå Lesja: Ole Flagstad og Borre Langseth. Ut på våren fylte dei opp ei jernbanevogn på stasjonen i Albert Lea med fleire trekkoksar, nokre hestar og kyr, ein del husgeråd og landbruksmaskiner, og til sist bikkja Sport, og sende vogna av garde.

Jernbanen gjekk på den tida til byen Grand Forks, på grensa mellom Minnesota og det som i dag er Nord-Dakota. Dit kom dei 16. mai, og derfrå drog dei så sørvestover att til byen Mayville, før dei svingte mot vest og nådde Sheyenne-elva. Den følgde dei så nordvestover til dei fann ein høveleg stad der dei kunne bygge seg ein ny heim. Langs denne elva voks det skog som var eigna til husbygging, så det var nok meir freistande å finne seg jord her enn på den trelause prærien. Også tilgangen til vatn var sjølvsagt gunstig. I denne fyrste gruppa var det sju personar som var fødde i Lesja. Utanom dei seks nemnde framafor var sjølvsagt kona til Peder Enstad, Inger, med. Etter som alle hadde reist frå Lesja mellom 9 og 15 år før og hadde familiar, hadde dei mange barn født i Amerika.

Utvandringa frå Lesja til Amerika er eit viktig kapittel i bygdehistoria, særleg i perioden frå siste del av 1860-åra til fyrste verdskrigen. Nærare 2000 lesjingar – i tydinga jenter og gutar født i Lesja – utvandra frå bygda over havet til «det lova landet» i denne perioden på berre drygt 50 år. Nokre kom attende, men dei aller fleste slo seg ned og vart verande.

Vi er vant med at ungdomen flytter ut i våre dagar – ja at dei kan legge ut på reise jorda rundt. Men ved hjelp av moderne hjelpemiddel



*Utsyn over Sheyenne-dalen nordover mot Pekin i bakgrunnen.  
Foto: Arnfinn Kjelland 1999.*

– internett og mobiltelefonar – har vi likevel god kontakt og veit korleis dei har det nær sagt 24 timar i døgnet. Slik var det ikkje for meir enn 100 år sidan. Da òg reiste store ungdomsgrupper frå bygda, men foreldra kunne ikkje vite om dei nokon gong fekk sjå dei att. Brev var det einaste dei kunne rekne med å få. Det er derfor vanskeleg for oss å sjå føre oss dramatikken i utvandringa for menneska som levde i bygda på den tida.

Eit forhold vi ikkje alltid tenkjer over, men som slår ein i auga når ein ser litt nærare på reisa mange gjorde, er at mange av dei som utvandra *ikkje* slo seg ned når dei hadde funne seg ein plass der dei kunne bygge seg ein farm. Mange – som dei vi har sett frå Minnesota – flytta vidare etter nokre år, vidare mot vest og nordvest, mot nye mulegheiter. Kanskje hadde dei fått ei uro i blodet, når dei nå fyrst ein gong hadde tatt det store spranget ut av heimbygda?

Vi skal i dette stykket sjå litt nærare på *ei* gruppe av dei som vandra ut frå Lesja – dei som kom til og slo seg ned ei tid i det *countyet* – litt upresist omsett til *fylket* – som heiter Nelson County i Nord-Dakota. Det var ikkje så reint få av dei, og dei spelte ei ikkje ubetydeleg rolle i oppbygginga av delar av dette lokalsamfunnet. For korkje lesjingane eller andre utvandrarar spreidde seg utover heile dette veldige kontinentet heilt utan omsyn til andre enn seg sjølve – dei fann seg ofte plassar der sambygdingar hadde kome før, så dei hadde nokon til å hjelpe seg til rette.

## Territorium og delstatar i Midt-Vesten

Ser vi på granskingar av norske bygdelag, t.d. i Lesja, ser vi at gardsbusetjinga fyrst voks fram over mange hundre år, lenge før dei meir overordna einingane: bygdeting, fylke, lovområde og «samlinga av Noreg til eitt rike» kom til. Alt dette skjedde i det vi kallar forhistorisk tid, for meir enn 1000 år sidan.

Også dei regionale og lokale administrative einingane kom til over lang tid. Ei tid etter at kristendommen vart innført på 1000–1100-talet delte kyrkja bygdene inn i *prestegjeld* og *bispedømme*. På 11–1200-talet organiserte den framveksande statsmakta landet i *sysler* og innsette *sysselmenn* for å ta seg av offentlege oppgåver (stort sett innkrevjing av skatt). På 1500-talet gjekk desse syslene over til å bli *futedømme*, med futar som utførte tilsvarande oppgåver for lensherrar og statsmakt. Sist på 1500-talet fekk vi sorenskrivarar som etter kvart vart dommarar på bygdetinga, og frå midten på 1600-talet verneplikt med offiserskorps. På 1700-talet kom skulane og fattigomsorga, i 1797 fekk vi forliksråd og i 1838 formannskap og kommunestyre. Lokale bygdelensmenn med politioppgåver hadde vi i alle fall frå 1500-talet.

Når utvandrarane kom til yttergrensene av busetjinga på den amerikanske prærien sist på 1800-talet, fanst det nesten ingen slike institusjonar – dei laut bygge dei opp sjølve. Landet var sjølvstog ikkje tomt – indianarane budde der, men den amerikanske føderale staten hadde eit formelt overherredømme. USA tok kontroll over det som i dag er Nord-Dakota i to vendingar. I 1803 kjøpte dei det enorme Louisiana-territoriet frå den franske keisaren, Napoleon, og i 1818 inngjekk dei avtale med Storbritannia om nordgrensa mot Canada langs 49. breiddegraden.

Framveksten av dei amerikanske delstatane gjekk i etappar: fyrst var dei kjøpte områda som det stort sett berre budde indianarar i, *uorganisert*, dvs. det vart styrt direkte frå hovudstaden Washington DC. Etter kvart som talet på kvite nybyggarar voks opp til eit visst nivå, vart eit område så organisert som *territorium* før det – eller vanlegvis mindre delar av det – vart eigen fullverdig *delstat*.

Territoria hadde avgrensa sjølvråderett i høve dei andre statane i unionen. Når så folketalet var stort nok, fekk altså den delen av territoriet der dei fleste budde, status som delstat. Det som var att, vart verande territorium med avgrensa rettar.

Det området vi skal sjå på var uorganisert fram til 1849 og 1854 da territoria Minnesota og Nebraska vart etablert. Minnesota-territoriet var mykje større enn den seinare staten. Det dekte m.a. store delar av dei seinare statane Nord- og Sør-Dakota. Vestgrensa var Missouri-elva.

Nebraska-territoriet dekte m.a. vestdelane av Dakota og storparten av dei seinare statane Wyoming og Montana.

I 1858 vart Minnesota fullverdig stat i unionen, og området vestover til Missouri vart så uorganisert att fram til Dakota-territoriet vart etablert i 1861. Dette territoriet igjen dekte dei nåverande statane Nord- og Sør-Dakota, Montana og storparten av Wyoming. Hovudstad var byen Yankton ved Missouri-elva i den søraustlege delen av nåverande Nord-Dakota fram til 1883 da Bismarck overtok. Så omsider i 1889 vart territoriet oppdelt og Nord- og Sør-Dakota med grenser slik dei er i dag, vart fullverdige statar i unionen.

### **Framveksten av jordbruksbusetjinga på prærien**


Som nemnt er den norske gardsbusetjinga særst gamal, og den første etableringa av ho er dermed vanskeleg å granske. Det er døme på korleis slik gransking blir gjort for nørde delen av Lesja hovudsokn i bygdeboka bd. 2 s. 19–21. Gardsbusetjinga i storparten av Lesja går nok meir enn 2000 år bakover i tida, sjølv om ho har endra seg mykje.

Slik er det ikkje på den amerikanske prærien – der vart jordbruket introdusert austfrå med oppstart for knapt 200 år sidan – og det gjekk i høgt tempo med mange millionar innvandrarakar, særleg etter den amerikanske borgarkrigen tok slutt i 1865.

Det var likevel dei opphavlege amerikanarane, indianarane, som var dei eigentlege «eigarane» av jorda, og dei kvite laut inngå avtalar med dei om tilgang og løyve til å ta ho i bruk til jordbruksformål. Til den sørlege delen av Minnesota og det nordlege Iowa, (dit mange frå Lesja kom, m.a. til Albert Lea og Lake Hanska), fekk nybyggjarar dyrke jorda etter to avtalar med indianarane frå 1851. I Sør-Dakota inngjekk indianarane ei avtale i 1858, og nybyggjarar starta innflyttinga.

Men dette var ikkje nok – dei mest eventyrlystne kvite flytta vidare vest- og nordover og kom i konflikt med indianarane. Det førte m.a. til det store indianaropprøret i Minnesota i 1862. På den tida hadde kvite farmarakar òg teke i bruk område i Red River-dalen på grensa mellom nåverande Minnesota og Nord-Dakota.

I dei nordvestlege delane av Minnesota-territoriet kom den fyrste busetjinga til å skje i form av «squatting», ein eigentleg ulovleg – men heilt vanleg – måte å sikre seg jord på. Folk slo seg ganske enkelt ned på stader som ikkje var teke i bruk, merka av eit område og definerte det som sin eigedom. Det kan jamførast med rydding i ålmenning og hevd av eigedomsrett også her heime, men her var det sjølvstekt tettare busett og vanskelegare å skaffe seg eigedomsrett til jord på denne måten.



Kart over Nelson Co., Nord-Dakota ca 1980. Vi ser inndelinga i townships slik ho var da.

Det var så *Homestead-lova* som den amerikanske kongressen vedtok i 1862 som – særleg etter at borgarkrigen slutta – verkeleg fekk fart på utnyttinga av prærien som jordbruksland. Lova gav 160 acres (å 4,05 mål) eller 640 mål jord tilnærma gratis til ein kvar nybyggjar som var 21 år eller familieforsørgjar, var amerikansk borgar eller hadde søkt borgarskap og hadde dyrka jorda i fem år.

## Nelson County

Dei amerikanske delstatane er inndelte i *county* etter engelsk mønster. Som nemnt er nemninga vanlegvis oversett til norsk som *fylke*, men dei fleste amerikanske countya er mindre enn norske fylke, i alle fall i geografisk utstrekning. Countya på prærien har òg vore utsett for det same som våre utkantstrøk dei seinaste tiåra: sterk fråflytting.

Området vi skal sjå på vart etablert som *Nelson County* i Nord-Dakota ved frådeling frå dei eldre countyane Grand Forks, Ramsey og Foster i 1883. Vi ser altså at county kunne bli etablert før eit område vart godkjent som delstat. Nelson ligg i den austlege delen av Nord-Dakota, i utkanten av Red River- «dalen» (som ikkje akkurat minner oss om eit dalføre), om lag 80–100 km vest for byen Grand Forks ved grensa til Minnesota.

Countyet har namnet etter ein av dei første pionerane, N. E. Nelson, som var den første som fekk registrert «homestead» i dette countyet.

### «Townshipet» og korleis nybyggerane skaffa seg jord


Vi kan ta med nokre ord om oppmålinga av den amerikanske prærien. Ingen som har reist i Midt-Vesten kan ha unngått å legge merke til det tilnærma symmetriske rutenettet av vegar, og tilsvarande meir finmaske firkanta nettet av gjerde eller eigedomsgrenser. Det går attende til den oppmålinga som vart gjort etter at den føderale staten hadde fått hand om territorium indianarane gav frå seg. Da vart alle område som var eigna for oppdyrking målt opp i «seksjonar» på 1 x 1 engelsk mile (1609 meter). Ein slik seksjon vart dermed på 2599 mål (dekar) eller 640 acres.


Så vart  $6 \times 6 = 36$  seksjonar sette saman til den lågaste administrative eininga som skulle etablerast, eit *township*, også det etter engelsk mønster. Townshipa kan kanskje samanliknast med våre herad frå siste del av 1800-talet. Dei var altså i utgangspunktet tilnærma firkanta og jamstore, jamfør kartet over Nelson. Dei aller fleste townshipa i Nelson (og i resten av Midt-Vesten) var altså 6 miles eller 9,6 km i kvar retning og 93,5 km<sup>2</sup> eller 93.500 dekar i flateinnhald.

Nybyggerane måtte finne seg eit ledig landområde og registrere seg på landkontora, som heldt oversyn. Desse landkontora laga kart over kvart township, s.k. «plat maps», som gjev opp namnet på eigarane av dei forskjellige delar av seksjonane. Dei liknar på våre økonomiske kartverk, sjå dømet frå Bergen township kring førre hundreårsskifte.

Ein «normalfarm» var på 1/4 seksjon (ein «quarter-section», kvartseksjon eller knapt 650 mål), og den vart formelt identifisert med himmelretninga (NW, NE, SW eller SE). Seksjonane vart nummererte frå den nordaustlegaste som nr 1 til den nordvestlegaste som nr 6, så gjekk







Over: Plat-map (nokså tilsvarende norsk økonomisk kart) over Bergen township i Nelson Co. ca 1900. Vi finn att ein del lesjanamn.

På motstående side er eigedomar som det var lesjingar eller øverdølar som åtte kring 1900, skraverte i nabo-townshipa Osago, Bergen, Hamlin og Nesheim (grovare skravur er lesjingane sitt landområde). Sjå detaljoversyn over kven det var som åtte i dei enkelte seksjonane bakast i stykket. Som vi ser, klynga lesjingane seg saman nordaust i Osago. Det var dette området som vart kalla Northern Prairie, sjå nedafor.



dei eit hakk sørover og gav den nr 7, så vidare austover til nr 12 osv. (sjå Bergen-kartet). Det «offisielle» namnet («grunnboksnamnet») på ein amerikansk eigedom er sett opp med himmelretning og brøkdel av seksjonen med tillegg av nøyaktig definisjon av townshipet etter meridian og landområde-grense.

Ser vi på Bergen-kartet, finn vi farmen til O. (Ole) J. Enstad som «SE 1/4 of Section 10, Township 149 North Range 60 West of the 5th Meridian». Dette tilsvarar altså gards- og bruksnumra våre. Ein farm kunne og kan sjølvstgått bestå av fleire slike «bruksnummer», når eigaren har kjøpt saman fleire parsellar.

Kartføringa er litt forskjellig frå det vi er vant med. Av Bergenskartet ser vi at seksjonsnumra og grensene er påført, og så namnet på eigaren. Vi ser det var fleire namn frå Lesja i dette townshipet, særleg Bjorli- og Enstad-namn.

Det kunne altså vere 144 farmar i eit slikt township, men så nøyaktig regulerte vart dei nok sjeldan. Nokre farmarar sikra seg fleire kvartseksjonar ved homestead og kjøp. Andre område var av dårlegare bonitet slik at dei ikkje vart tekne i bruk. Noko vart bandlagt til offentleg formål som skular og jernbaner, og nokre stykke var så gode at dei vart delte opp i mindre bruk. Og så vart det som regel bygd (minst) ei kyrkje i kvart township, i alle fall på den tettbygde delen av prærien.

I storparten av USA – bortsett frå «norske» område som Minnesota og Dakota-statane – er elles township-nivået avvikla, og countyet er i dag den lågaste administrative eininga.

### **Nelson County History og Pekin Diamond Jubilee**

er samletittelen på noko som ikkje er så heilt uvanleg i USA: «bygdebøker» ikkje heilt ulike dei norske gards- og slektshistoriene. Både Nelson County og Bottineau County i Nord-Dakota har slike bøker. For Nelson er det to store bind på til saman neste 1500 tettskrivne sider i nesten A4-format. Dei inneheld mykje, men nokså usystematisk informasjon om dei som slo seg ned i desse countya.

Det er ein viktig forskjell mellom dei amerikanske county-historiebøkene og t.d. Lesjabøkene. Lesjaboka er som kjent sett opp med gardsbruka, dei nyare bustadhusa og husmannsplassane som dei viktigaste einingane. Men dei amerikanske farmane er korkje like gamle eller har vore like stabile som våre. Mange farmar etablerte for 100–150 år er allereie sporlaust borte, eller i beste fall ser ein nokre nedvakse husmurar. Og ikkje minst – dei amerikanske countya har nok ikkje hatt økonomisk høve til å betale bygdebokforfattarar til å sette saman informasjonen slik det blir gjort i Noreg.

County-historiene er vanlegvis inndelte med kapittel for kvart township, men innanfor townshipet er *familiane*, ikkje farmane, sette opp, og dei står alfabetisk etter etternamna. Det ser òg ut som om dei fleste familiane har skrive ned si eiga historie som så er trykt utan nemnande redigering.

Nelson fekk sine bøker kring 1983, sannsynlegvis i samband med at det var 100 år sidan countyet vart organisert. Eit par år før, i 1981, hadde småbyen Pekin (etablert i 1906) 75-årsjubileum og gav ut ei liknande bok. Denne hadde vi tilgjengeleg da Lesjabøkene vart skrive, men ikkje county-historia. Det er derfor ein del tilvising til Pekin i bygdebøkene.

Dermed kan det sjølvsagt vere familiar som ikkje er nemnde i bøkene. Det kan vi få ein mistanke om av dei karta (platmap) som Nelson County History-boka har for kvart township frå kring 1900. Der er det fleire lesjanamn vi ikkje finn omtale av i bøkene. På desse karta står det som regel berre forbokstaven, så vi er ikkje sikre på kven det gjeld – det kan t.d. vere ein generasjon seinare enn dei fyrste. Fullt oversyn får ein ikkje utan å oppsøke landkontora og gå igjennom grunnbøkene der.

## **Dei fyrste lesjingane som kom til Nelson**

Drygt 50 personar født i Lesja har ifølgje desse kjeldene (utanom karta) vore busette i kortare eller lenger tid i Nelson County. Så vidt vi kan sjå kom 41 av dei før 1900. Med unntak av ei frå Bjøkne, ei frå Nord-Hole og tre frå Rudi var alle født nørdest på Skogen, på gardar og plassar på Enstad, Lie og så frå Kvam og nordover.

Voldingen Martin Ulvestad gav i 1907 ut boka «Nordmændene i Amerika». Her går han igjennom dei countya der det var omfattande norsk busetjing. Om Nelson skriv han at det fyrste norske settlementet vart etablert i 1880 av ei gruppe frå Telemark og Hallingdal. Året etter kom ei større gruppe, og mellom dei nemner Ulvestad Peder Enstad. Som vi har sett kom ikkje han åleine, men saman med ei større gruppe – i alle fall sju lesjingar kom til Sheyenedalen dette året.

Året etter kom fleire. Pauline og Ole O. Moen, sjå Kvamsmoen (6-2a) emigrerte ti år før til Albert Lea i Sør-Minnesota, i 1872. Etter eit par år reiste dei vidare til Iowa, der dei budde til dei reiste til Nelson i 1882. Dei hadde da fått fem barn etter dei reiste frå Lesja, og i Nelson fekk dei fire til. Ole arbeidde som steinmurar attåt at familien hadde farm.

Den fyrste tida kunne vera dramatisk. Vinteren 1881–82 var det lite snø i området, så i januar tok Ole H. Bjorlie og Peder Enstad sjansen



*Dette bildet står i «bygdeboka» for Nelson Co., s. 566 under Osago, med overskrifta: North Prairie Neighbors of Rural Pekin, N.D. (naboar på Nord-prærien utafor Pekin). Fyrste rekkja frå venstre: Simen Tangen, Julian Morken, Matt Morken, Tobias Ensrud og Erland Rusten. I midten frå v.: Mathias Ensrud, Ole Enebo, Erland Tangen, Carl Ensrud, Paul Quam og Paul Ensrud. Bakast frå v.: John Stueflaten, Andrew Tangen, Axel Morken, Andrew Ensrud, Ole Lee og Andrew Brude. Alle kom frå Lesjaskogen og Øverdalen, men det var nok ikkje alle som var fødde i Norge.*

på å dra av garde frå farmane sine og mot Mayville med slede forspent eit oksespann. Dei skulle hente såkorn til Peder og forsyningar for seg sjølve og grannane i Sheyennedalen. Dei nådde Mayville etter tre dagar i fint ver, fekk lasta opp varene og var klare til å returnere dagen etter. Men da slo veret om! Det vart kaldare og bles opp til storm. Fyrste dagen på heimturen kom dei til ein kjenning, Knut Nyhus, og fekk overnatte der. Dagen etter planla dei å nå fram til ei ubebudd torvhytte, der dei visste det var ved og fôr til oksane. Torvhytta var ikkje noko behageleg losji, omnen rauk inn så dei sov ikkje i det heile tatt den natta.

*Dette bildet syner Tangenbrørne i USA, og det ser ut til å vera tatt om lag samstundes med det store gruppebildet på motstående side. I midten sit Andreas (Andrew), og ut frå kledda må det vere Simen til venstre og dermed Erland til høgre. Bildeutlån frå bygdebokarkivet.*



Dagen etter var det framleis storm og kaldt, under 35 gr. Celsius, men dei starta likevel vidare. Berre etter nokre kilometer auka stormen på, og Ole og Peder skjønte at dei hadde små sjansar til å nå neste losjiet med det tunge lasset og dei trege oksane. Dei sette derfor att såkornet på ein kolle, og rakk fram til ein farm i Lee County før det var for seint. Dei kom seg òg heim att. Peder drog av garde etter såkornet sitt nokre veker seinare, og fann det der dei sette det att.

Ole Bjorlie var ikkje sterk, og det strevsame nybyggerlivet sleit han ut. Han døydde i 1889 berre 49 år gamal og etterlet seg kona Karoline og fem mindreårige barn. Ein av dei var Henry, f. 1877 i Silver Lake, SD. I 1895 flytta familien attende til Iowa. Henry tok høgare utdanning m.a. på St. Olaf's College og vart pastor i ei lang rad kyrkjelydar i Minnesota, Sør-Dakota og Iowa.

### **To familiar frå Rånåbrekka**

Vi finn mange familiar med etternamnet Brekken i denne delen av Nelson. Dei har utgangspunkt i to familiar frå Rånåbrekka. Halvbrørne Torger (f. 1822) og Christoffer (f. 1829) var født i Sletta-Brekka eller Midti-Brekka, eit lite bruk i lia aust for Rånågardane (kart i bygdeboka bd. 1 s. 150). Torger overtok heimplassen medan Christoffer kjøpte Nørdre Rånåhaugen. I 1866 reiste Torger som ein av dei fyrste frå Lesja



til Amerika. Året etter kom familien hans, og året etter det igjen broren Christoffer med sin familie. I alt var dei fire vaksne og fem små barn frå 2 til 9 år.

Begge familiane slo seg fyrst ned i Iowa. Torger tok seinare sine med til Albert Lea i Sør-Minnesota, før han og sonen Rolf som nemnt i innleiinga, i 1881 var mellom dei fyrste til Sheyennedalen. Året etter kom resten av familien, og to år etter det att kom Christoffer med sin familie.

Og familiane voks. Marit og Christoffer fekk til saman 9 barn, og 8 av desse voks opp. I tillegg tok dei til seg to fosterbarn. Om Guro O. Bjorlivollen og Torger fekk fleire barn i USA kjenner vi ikkje i detalj, men det er ikkje usannsynleg. Dei vart i alle fall verande farmarar i Osago township heile livet, og er gravlagt ved Sheyenne-kyrkja. Også Marit og Christoffer vart verande i Osago. Han var snikkar, og var med på å bygge den fyrste kyrkja. Marit var jordmor og tok i mot mange ungar. Ho vart òg tilkalla ved sjukdom, i ei tid før noko organisert sjukestell fanst i nybygarområda.

I 1906 kom jernbanen til Osago, og småbyen Pekin vart etablert. Fire år seinare fann tre av sønene og fosterdotter til Marit og Christoffer: Rolf, Otto, Oswald (f. 1880 i USA) og Jenny ut at dei ville prøve lykka i nye område. Saman med kona til Oswald, Thea (dotter til Ole T. Brekken, som var syskenbarn med Oswald) selde dei unna det meste og drog til Edmonton i Canada. Thea skreiv dagbok frå turen, som tok ikkje mindre enn 7 veker med hestar og overbygde vogner – men det er ei anna historie.

### **Tangen-brørne**

Erland, Simen Andreas og Andreas Tangen kom frå ein liten husmannsplass nordafor Stuguflothen. Dei utvandra i 1883, 1884 og 1893. Erland reiste via Canton i Sør-Dakota og så direkte til Osago der han tok homestead, altså fann seg ledig land. Nokre år seinare flytte han og kona (sjå bygdeboka) til nabo-townshipet, Hamlin, men som vi ser av kartet over land lesjingane åtte i 1900 hadde Margrete og Erland eige-dom på båe sider av township-grensa – til saman ikkje mindre enn 479 acres eller 1944 dekar.

Simon (Simen Andreas) kom til Osago i 1886 der fann seg land. Kona hans, Anne Marie Brekken, var f. i Iowa, men var dotter til Marit og Christoffer Brekken frå Rånåbrekka. Andreas reiste nok direkte til Osago og fann seg land i seksjon 12 i Osago. Han òg gifta seg med ein sambygding, Sina E. Rundtom (sjå bygdeboka). I 1900 hadde Simon 320 acres eller 1300 dekar jord og Andreas 240 acres eller 975 dekar i Osago.

## **Ensrud-brørne**

Desse kom frå ein stor familie på Skogen. Foreldra var på husmannsplassen Ensrud under Vesl-Enstad fram til ca 1868 da dei truleg kjøpte ein del av Øygarden, Einbu og flytte dit. Sønene beheldt likevel Ensrud som familienamn etter dei emigrerte. Ikkje mindre enn sju av dei åtte brørne kom til Nelson county, og dei slo seg ned i Osago.

Ein av dei – Paul – finn vi rett nok ikkje att på plat-kartet frå Osago i 1900, sjølv om det går klart fram av bøkene at han og kona farma der til kring 1920, da dei flytte til Pekin. Også på bildet over naboane på North Prairie er han med.

Til saman farma Ensrud-brørne 1760 acres eller 7147 mål jord i Osago og Bergen townships kring 1900.

## **Skogingane i området kring 1900 – North Prairie**

Som vi har sett klynga skogingane seg saman i den sørvestlege delen av countyet, først og fremst i townshipet Osago – der småbyen Pekin altså vart etablert i 1906 – dernest i townshipet sørafor, Bergen. Mange av dei var aktive i etableringa av den lokale evangelisk-lutherske kyrkja som fekk namn etter elva: Sheyenne Lutheran Church. Det arbeidet starta alt i februar 1882, og med ved stiftinga var Ole Bjorlie, Peder O. Enstad, Knut Enstad, Ole Moen, Torger Brekken, Amund P. Bjorlie og Sever Bjorlie.

Kartet over eigedomane dei hadde kring 1900 syner òg at dei heldt saman. Framafør s. 58 ser vi bildet av 17 staute karar frå «bygdeboka» for countyet, og av bildeteksten framgår det at alle desse farma i det området nordaust for Sheyenneelva som vart kalla North Prairie. På kartet s. 54 ser vi korleis dei fordelte seg.

Samla sett var det ikkje småe jordbruksareal desse som i hovudsak kom frå Lesjaskogen disponerte for drygt 100 år sidan. Oversynet viser at dei til saman dyrka over 41000 dekar – ikkje langt unna det dobbelte av det heile heimbygda (Lesja kommune) hadde av dyrka mark på same tida!

## **Litteratur**

Kjelland, Arnfinn: *Bygdebok for Lesja. Bd. 1* Lesjaskogen (1987). Bd. 2 Nør-dre del av Lesja hovudsokn (1992). Bd. 3 Søre del av Lesja hovudsokn (1996). Utg. Lesja kommune.

Nelson County History Vol. I og II, ca 1984.

Diamond Jubilee 1906–1981. Peking, North Dakota. 1981.

Komplett liste over personar fødde i Lesja som kom til Nelson Co. med tilvising til bygdeboka:

[http://tilsett.hivolda.no/ak/Lesja/Lesja\\_NelsonCoND.htm](http://tilsett.hivolda.no/ak/Lesja/Lesja_NelsonCoND.htm)

## Lesjingar og romsdalingar med eigedom i Osago, Bergen, Hamlin og Nesheim townships ca 1900.

Twn.	Seksj.	Fornamn/in.	Etternamn	Acres	Dekar	Noter
Bergen	1	J & A	Ensrud	160,0	649,7	
Bergen	1	Ole M.	Moen	80,0	324,9	1)
Bergen	4	Ole J.	Enstad	160,3	651,0	
Bergen	8	A. T.	Bjorlie	160,0	649,7	
Bergen	8	P. P.	Bjorlie	160,0	649,7	
Bergen	9	G.	Enstad	160,0	649,7	
Bergen	10	K. E.	Bjorlie	160,0	649,7	
Bergen	10	P. E. & K. E.	Bjorlie	80,0	324,9	
Bergen	10	O. J.	Enstad	160,0	649,7	
Bergen	11	P. E. & K. E.	Bjorlie	80,0	324,9	
Bergen	11	O. J.	Enstad	40,0	162,4	
Bergen	24	Ole	Serumgard	160,0	649,7	
Bergen	30	B.	Enstad	157,0	637,4	
Osago	1	L. K.	Morken	159,4	647,3	
Osago	2	M. K.	Morken	160,0	649,7	
Osago	8	H.? O.	Brude	160,0	649,7	2)
Osago	8	O. J.	Brude	160,0	649,7	3)
Osago	11	A.	Ensrud	160,0	649,7	
Osago	11	E. C.	Brekken	160,0	649,7	
Osago	12	A. P.	Tangen	240,0	974,6	
Osago	12	Simon A.	Tangen	320,0	1299,5	
Osago	12	E. P.	Tangen	80,0	324,9	
Osago	13	And.	Ensrud	160,0	649,7	
Osago	13	R. C.	Brekken	160,0	649,7	
Osago	13	E. P.	Tangen	160,0	649,7	
Osago	13	M.	Ensrud	160,0	649,7	
Osago	14	C.	Brekken	160,0	649,7	
Osago	14	Otto	Brekken	160,0	649,7	
Osago	15	John J.	Brude	160,0	649,7	4)
Osago	18	T.	Ensrud	160,0	649,7	
Osago	20	J. P.	Broste	160,0	649,7	5)
Osago	21	J. P.	Broste	160,0	649,7	5)
Osago	22	John J.	Brude	480,0	1949,2	4)
Osago	23	C.	Ensrud	240,0	974,6	
Osago	24	C.	Ensrud	80,0	324,9	
Osago	24	John	Ensrud	320,0	1299,5	
Osago	24	M.	Ensrud	160,0	649,7	

Tw. Saksj	Fornamn/in.	Etternamn	Acres	Dekar	Noter
Osago 24	Paul	Quam	80,0	324,9	
Osago 25	Paul	Quam	120,0	487,3	
Osago 25	John	Ensrud	160,0	649,7	
Osago 26	P. O.	Enstad	320,0	1299,5	
Osago 26	Math.	Quam	160,0	649,7	
Osago 26	Gina	Brekken	160,0	649,7	
Osago 27	Marit	Quam	160,0	649,7	
Osago 27	D. T.	Brekken	80,0	324,9	
Osago 28	J.? M.	Quam	160,0	649,7	
Osago 28	John P.	Broste	160,0	649,7	5)
Osago 32	O. S.	Quam	200,0	812,2	
Osago 34	D. T.	Brekken	240,0	974,6	
Osago 34	J. K.	Enstad	160,0	649,7	
Osago 34	P. O.	Enstad	160,0	649,7	
Osago 35	P. O.	Enstad	160,0	649,7	
Osago 35	M. T.	Brekken	160,0	649,7	
Hamlin 18	E. P.	Tangen	238,7	969,3	
Hamlin 19	Paul	Quam	319,3	1296,6	
Hamlin 31	O.	Moen	80,0	324,9	6)
Hamlin 32	O,	Moen	160,0	649,7	6)
Hamlin 32	C.	Moen	160,0	649,7	7)
Nesheim 6	Carrie	Bjorlie	160,0	649,7	
Nesheim 7	S.	Bjorlie	160,6	652,2	

**Noter:**

- 1) og 6) Usikkert om dette var ein frå Lesja. Ole Moen frå Kvamsmoem hadde O som mellombokstav.
- 2) Ingen Brude med fornamn som startar på H ser ut til å vere nemnt i dei kjeldene eg har hatt tilgang til.
- 3) Dette var nok Ole J. Brude, g.m. Eli H. Bjorlivollen.
- 4) John J. Brude var frå Øverdalen, men ikkje direkte frå eller slekt med lesjing.
- 5) John P. Broste heitte i Noreg Johan Pålsson og var frå Staksenget i Brøste. Han var g. m. Guro H. Bjorlivollen.
- 7) Ukjent om han var frå Lesja.